



Haarkloufestival  
c/o Andreas Løken Taklo  
Grov

6940 EIKEFJORD

## **Søknad om stifting av fond for å heidle minnet av personen Johannes Haarklou og løfte musikken hans fram i lyset**

Viser til dykkar søknad av 28.05.18 og møte med interimsstyret 4. september. Det var ei god orientering om arbeidet med Haarkloufestival. Som avtala på møtet så ville fylkesdirektøren undersøkje kva som kan vere aktuelt å gå vidare med frå fylkeskommunen si side og gi dykk tilbakemelding på dette.

De foreslår å etablere eit Haarkloufond av «*dei midlane som Sogn og Fjordane fylkeskommune skal behalda når fylket vert slått saman med Hordaland*», «*kva formål kan vere betre for dei midlane enn å heidle og få fram i lyset fylket sin største komponist?*». Til dette er å seie at det som er omtalt som eit framtidig/mogleg «Sogn og Fjordane utvikingsfond» enno ikkje er etablert. Det er såleis heller ikkje avklart kva føremål eit slikt mogleg fond skal tene. Det vert arbeidd med vedtekter, men endeleg vedtak er ikkje fatta i saka. Om dette fondet vert ein realitet er såleis ikkje klart enno. På denne bakgrunn vil fylkesdirektøren, slik vi sa i møte, rå dykk til å nytte etablerte aktuelle tilskotsordningar, både lokalt, regionalt og nasjonalt gjennom kulturrådet.

Fylkesdirektøren er positiv til vidare utvikling av ideen og dei arrangement og tiltak som de har skissert i søknaden. De skisserer ei rekkje tiltak som går både i retning av ein festival og tiltak som ein heilårleg arrangør. Fylkesdirektøren rår til at når ein etablerer ein formell organisasjon arbeider vidare med å reindyrke kva rolle Haarkloufestival ønskjer å ta. Vi vil også vise til at det finns mykje god kompetanse i nærmiljøet på å bygge organisasjon og festival, der det kan vere mogleg å få gode innspel til vidare arbeid. Fylkesdirektøren meiner også at det er viktig for dykk å etablere eit godt tilhøve til vertskommunen og forankre satsinga lokalt. Dette kan vere avgjerande for at ein på sikt kan løfte satsinga regionalt og nasjonalt.

Vi viser til fylkeskommunale stønadsordningar til kulturtiltak, med informasjon på heimesida vår: <http://www.sfj.no/kulturmidthlar>. Her kan ein søkje både om driftsmidlar og tilskot til utviklingsarbeid. Vi tek i mot søknader heile året, men med søknadsfrist 1.3. og ei hovudtildeling etter dette. Andre søknader i løpet av året vert vurdert om vi har tilgjengelege midlar.

Har du fleire spørsmål om dette kan du kontakte sakshandsamar. Vi ønskjer dykk lykke til vidare med arbeidet for å løfte fram ein spennande komponist frå regionen.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
Assisterande fylkesdirektør

Sissel Lillebø Aarseth  
fagkoordinator

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi: Hovudutval for næring og kultur